

# DET GODE LIV I HORNINDAL






Foto: Fotografen Eide

# FINN LYKKA!

**I Hornindal har mange allereie funne lykka og roen til å nyte det gode liv.**

Dei harmoniske omgivnadene, dei mange aktivitetstilboda og den sentrale plasseringa gjer vår vesle kommune stadig meir populær når det gjeld busetting og etablering. Kommunen ligg i ein region der vegnettet er godt utbygd og avstandane korte. Dette gjev Hornindal større nærliek til omverda enn ein kanskje skulle tru. Her kan du bu landleg og leve urbant.

Hornindal har i dag eit vidt spekter av verksamder, som utgjer eit innovativt og framtidsretta næringsliv med mange spennande arbeidsplassar, og med dei korte pendlaravstandane bør draumejobben vere innan rekkevidde.

Søkjer du ei variert fritid, har Hornindal mykje å by på. Liker du friluftsliv, kan du få unike naturopplevelingar i ein storstått kombinasjon av fjell og dalar, skog og vatn. Her er også eit breitt tilbod innan kultur og aktivitetar for store og små.



Foto: Bengt Flaten



Foto: Karina Role

## VISSTE DU AT...?

- Hornindal kommune har ca. 1250 innbyggjarar
- Du kan kome deg til Oslo sentrum på 3 timer?
- Kvivsvegen har fått navnet sitt etter fjellet Kviven (1027 m.o.h.)
- "Kvive" tyder suse eller kvine
- Kommunesenteret heiter Grodås



Foto: Karina Role

Hornindal er ei vakker lita bygd med om lag 1250 innbyggjarar. Her finn du mange gardsbruk og små bustadfelt mellom urørt natur og bratte fjell. Hornindalsvatnet er den djupaste innsjøen i Europa med sine 514 meter. Like ved vatnet ligg det tradisjonsrike Best Western Raftevolds Hotel, som er verdt eit besøk.

Kommunen ønskjer å tilrettelegge for god kvalitet i tenestene, både i barnehage, skule, helse og omsorg. I kommunen har vi to barnehagar der uteområdet gjev mange flotte naturopplevelingar for barna, og vi har full barnehagedekning. Nær skuleområdet har vi fleire flotte anlegg som fleirbrukshall, friidrettsbane, ballbinge og kunstgrasbane.

Om sommaren er det behageleg badetemperatur i Hornindalsvatnet som gjer at badestranda vår er svært attraktiv. Hornindal skisenter i Grendadalen er ein populær

stad for både unge og vaksne som er interesserte i ulike skaktivitetar og det gode hytteliv.

Kultur står sterkt i bygda. Besøk gjerne Anders Svor Museum for å sjå den unike skulptursamlinga. I tillegg har vi fleire flinke treskjerarar.

Dei nye vegsambanda bind endå sterkare saman fylka Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, og gjer at Hornindal ligg midt i ein bu- og arbeidsregion med om lag 70 000 mennesker.

Vi set stor pris på alle innbyggjarane våre og ønskjer at kvar enkelt skal bli sett. Ta deg tid til å oppleve «Det gode liv i Hornindal».

#### **Anne-Britt Øen Nygård**

Ordførar



Foto: Jens Brokmann



Foto: Anne-Britt Øen Nygård



Foto: Fotografen Eide

# BU GODT!

**Hornindal er ein plass for deg som ønskjer å bu i ein moderne kommune, men som også set pris på kvalitetane i eit lite bygdesamfunn.**

Det gode liv føreset ein god bustad. I Hornindal finn du alt frå mindre, sentrumsnære leilegheiter til større bustadomter i landlege omgivnader. Dette gjev deg mulegheit til å velje den bustaden som passar deg best.

Hornindal er ein god plass å vekse opp. Her er moderne barnehagar og skule i trygge naturlege miljø, og vi har eit allsidig fritidstilbod for barn og unge. Det er kort veg til eit godt utbygd vidaregåande- og høgskuletilbod.

Ungdom i Hornindal har eit mangfaldig aktivitetstilbod og mange blir tidleg engasjerte i organisasjonsarbeid. Ungdomen er ein viktig del av samfunnet. Kanskje er dette årsaka til at mange frå Hornindal gjer det så bra seinare i livet.

## VISSTE DU AT...?

- Hornindal ligg midt i ein bu- og arbeidsregion med 70 000 innbyggjarar
- Hornindal har byggeklare bustadomter
- Reiseavstand til Ulsteinvik er kun ein time
- Hornindal Idrettslag har over 400 medlemar
- Det er kun 30 minutt til Opera Nordfjord



Foto: Fotografen Eide




Foto: Nina Lødøen Øen



Foto: Elisabeth Gamlem Lødemel



Foto: Hornindal barnehage

# EIN TRYGG OPPVEKST

**Hornindal har full barnehagedekning, ein moderne skule og eit allsidig fritidstilbod.**

I barnehagen får barna tidleg kjennskap til naturen sidan mykje av aktiviteten går føre seg i tilknytta skogsområde. Borna kan plukke bær, utforske stiar og små leikehytter, klatre i tre og få utfordringar som stimulerer koordinasjonen på ein naturleg måte.

Hornindal skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule med omlag 180 elevar. Skulen legg mykje arbeid i skuleutvikling – både fagleg, sosialt og organisatorisk.

I tilknytning til skulen finn du friidrettsanlegg, fotballbaner, fleir brukshall og ballbinge.

Kulturskulen har høgt elevtal og er ein viktig del av det aktive kulturlivet i kommunen. Elevane kan velje mellom fleire tilbod innan musikk og andre kunstuttrykk. Blant tilboda finn ein aspirantopplæring til korps, kveding, opplæring på piano, trommer og gitar, teikning og mykje meir.

## VISSTE DU AT...?

- Hornindal barnehage har laga eiga kokebok for barn som heter "Klare Sjøl". Det er seld over 10 000 eksemplar av boka
- Ny fleir brukshall, kunstgrasbane og ungdomsskule (2012)




Foto: Karina Role



Foto: Eva Gjervan



Foto: Harald Vartdal



Foto: Nina Løden Øen



Foto: Fotografen Eide

# SKAP VERDIAR!

**I Hornindal er det alltid rom for nyskapande gründerar, framtidsretta bedrifter og kvalifisert arbeidskraft. Vi treng deg - kom og vis kva du kan!**

I tillegg til offentleg sektor, har Hornindal eit vidt spekter av private verksemder og bransjar. Saman utgjer desse eit mangfaldig og spennande næringsliv som stadig har behov for flinke folk med kompetanse og erfaring.

Næringslivet i Hornindal er både tradisjonsrikt og framtidsretta. Forutan ein stor andel treforedling, turisme og andre kulturbaserete næringar, har kommunen i dag ulike typar moderne industri og høgteknologiske produksjonsbedrifter.

Fokus på framtidsretta næringsutvikling har gjort Hornindal til ein stad å satse - både for unge gründerar i startfasen og meir etablerte bedrifter som ønskjer å flytte verksemda hit. Her er god tilgang på attraktive næringsareal.

Dessutan ligg Hornindal i ein region med korte avstandar, moderne infrastruktur og gode kommunikasjonar. Det gjer det enklare for etablerarar som ønskjer å busetje seg i kommunen - enten for å jobbe i ei lokal bedrift, arbeide heimafrå eller pendle.

Døme på spennande nyetableringar den seinare tida er Nordfjord Idrettsmedisinske Senter og Total Service Kviven, som begge ser nytten av den sentrale geografiske plasseringa Hornindal har fått.



Foto: Fotografen Eide



Foto: Ralf Bjarne Taraldset



Foto: Bjørn Lødemel



Foto: Knut Arne Aarset/SUNNMØRSPOSTEN



Foto: Øen Kuldeteknikk



Foto: Nina Lødøen Øen

## EIT UTDRAG BEDRIFTER I HORNINDAL

### **JE Ekornes AS, avdeling Grodås**

Selskapet driv ein moderne møbelproduksjon, og avdelinga på Grodås er spesialisert på trekomponentar til sofa, samt delar til Stressless®. Avdelinga har i underkant av 100 tilsette og er største private arbeidsplass i Hornindal.

### **Øen Kuldeteknikk**

Selskapet satsar i dag primært på kulde- og varmepumpeanlegg til butikk- og industrimarknaden. Dei har stor kompetanse innan energieffektive og miljøvenlege anlegg.

### **Entreprenørar og industri**

Her er fleire entreprenører innan bygg og anlegg. I tillegg til fleire småbedrifter kan ein finne bedrifter som Haugen Maskinutleige AS, Honndalshytta AS og Fannemel Cementvarefabrikk AS.

### **Grodås Mønsterteknologi / GRS**

Har utvikla seg frå å drive med tradisjonell møbelproduksjon til å ha ein høgteknologisk produksjon av riflestokker gjennom merkevara Grodas Rifle Stocks. GRS er eit kvalitetsprodukt som i dag blir selt over heile verda.

### **Best Western Raftevolds Hotel**

Eit tradisjonsrikt hotell som har vore i drift sidan 1867. Har vorte utbygd og modernisert ved fleire høve, men gjestfridomen og den heimekoselege atmosfæra er ivareteken. Hotellet har 44 rom med balkong, fleire av dei med fantastisk utsikt over Hornindalsvatnet.

### **Handel på Grodås**

På Grodås finn de daglegvarebutikkar, post, frisør, bok- og interiørbutikk, klesbutikk, bensinstasjon, kontorservice, smådyrklinikk, bilverkstad med meir.

### **VISSTE DU AT...?**

- NHO sitt «Nærings NM» syner at verksemder i Hornindal kjem blant dei beste i fylket og på 18. plass i landet (2012)
- Hornindal har så godt som inga arbeidsløyse
- Her er næringsareal klar til utbygging



Foto: Fotografen Eide



Foto: Fotografen Eide

# HEILT NATURLEG



Foto: Margunn Haugen

Landbruket er viktig for Hornindal. Produksjonsmengda held seg stabil innan tradisjonell produksjon av mjølk og kjøt. Inne i dalen finn du produksjon av det eksotiske dyreslaget alpakka. Alpakkaull er sannsynlegvis den beste ulla som er å få kjøpt. I motsetning til saueull inneholder alpakkaull ikke lanolin og den er derfor gunstig for allergikarar, i tillegg til at ho ikkje tek til seg lukt så lett som saueull.

Store dyrkingsfelt viser til eit aktivt landbruk gjennom generasjonar. Mange sætrar er godt ivaretatt og utgjer viktige innslag i kulturlandskapet i bygda.

Hornindal har lange tradisjonar innan trearbeid og smedyrke som tilleggsproduksjonar innan landbruket, og er kanskje mest kjend for sin ljåproduksjon. På både 1800- og 1900-talet var det ljå- og navarsmier på nesten kvar gard i dalen, og for mange var smedarbeidet hovudyrke.

## VISSTE DU AT...?

- Det blir levert ca. 4 300 000 liter kumjølk frå kommunen
- Alpakkaen har hår med holrom, derav dei gode eigenskapane
- Lange tradisjonar innan ljåproduksjon er opphavet til dei tre ljåane i Hornindal sitt kommunevåpen
- Lur er eit av Noregs eldste musikkinstrument, og kan førast tilbake til bronsealderen



Foto: Fotografen Eide



Foto: Alpakka Norge



Foto: Fotografen Eide

# OPPLEV KULTUR!

**I Hornindal finn du mange kreative eldsjeler med eit brennande engasjement. Det skaper alt frå små kvardagsgleder til unike kulturopplevingar.**

Kulturlivet i Hornindal er kjenneteikna av engasjement, trivsel og samhald - til glede både for enkeltmennesket og heile lokalsamfunnet. Målet er heile tida å utvikle og styrke det kulturelle mangfaldet.

Over heile kommunen finst ulike lag, foreiningar og organisasjonar som dekker dei fleste hobbyar og interesser. Her har du muleheit til å få bruke dine kreative evner, og delta på aktivitetar og arrangement saman med andre.

Hornindal er ein tradisjonsrik kulturkommune som markerer seg sterkt innanfor mellom anna handverk, song og musikk. Ved sida av det store spelemannsmiljøet, held kulturskulen i Hornindal svært høgt nivå med stor aktivitet og fagleg breidde.

Anders Svor Museum har over 450 skulpturar av den kanskje mest betydningsfulle kunstnaren i fylket gjennom tidene.

Rolf Haugens Samling består av nær hundre radioapparat og andre kommunikasjonstekniske nyvinningsar frå førre hundreåret.

Dei årlege Kulturdagane som blir arrangert i august er populære blant både lokale og tilreisande, med konserter, dans og andre aktivitetar for små og store.

## VISSTE DU AT...?

- Halvparten av barna på Hornindal skule deltek på Hornindal kuturskule
- Rolf Haugens Radiosamling er utstilt på Best Western Raftevolds Hotel
- Mange landskjende musikarar kjem frå Hornindal



Foto: Harald Vartdal



Foto: Bjørn Tore Moen



Foto: Fotografen Eide

# VER AKTIV!



Foto: Nina Lødøen Øen



Foto: Hornindal Rundt



Foto: Eva Gjervan

Ønskjer du ei aktiv fritid, har Hornindal mykje å by på. Her er flotte idrettsanlegg for store og små, og ein variert natur som har alt frå lune vikar ved Hornindalsvatnet til barske høgfjell.




Foto: Nina Lødøen Øen



Foto: Jan Endre Nesdal



Foto: Jan Endre Nesdal

I og rundt Hornindal finn du ikkje berre flotte turløyper for alle, men også meir krevjande terreng for dei mest erfarne. Du finn gode fiskemulegheiter i heile Hornindalsvassdraget, og flotte terreng for småvilt- og hjortejakt.

Likar du avslapping og aktivitetar i og ved vatnet om sommaren, har vi eit fint parkområde med badestrond og strandpromenade i sentrum. Vinterstid har du mange mulegheiter til leik og aktivitetar i snøsikre langrennsløyper, alpinbakkar og fjellterreng.

I Hornindal er det lagt til rette for idrettsaktivitetar i ulike anlegg. Forutan ein ny fleir brukshall, omfattar Hornindal idrettspark baner for friidrett, tennis og fotball. Elles i kommunen finn du anlegg for sandvolleyball, skating og kunstgrasbane.

Det aktive idrettsmiljøet i kommunen står òg for ei lang rekke faste, årlege arrangement. Blant dei største er mellom andre Grodås Cup, Hornindalsvatnet Maraton, Nibba Ned og ikkje minst Hornindal Rundt - Noregs tøffaste fjelløp.




Foto: Bengt Flaten



Foto: Frank Jakob Sandbakk



Foto: Nina Lødøen Øen



Foto: Lars Alv Haugen



Foto: Sunnmørsposten



Foto: Fotografen Eide

# HORNINDALSVATNET

## - DJUPAST I EUROPA

Hornindalsvatnet er den djupaste innsjøen i Europa, og er målt til 514 meter. Det er også eit av dei klaraste vatna i regionen, noko som kan forklarast med at det ikkje er brevatn. Her er gode bestandar av aure, røye og ål, noko som gjer Hornindalsvatnet attraktivt for sportsfiskarar. Den populære og barnevennlege badestranda på Grodås har behageleg badetemperatur samanlikna med områda rundt.

Sjøorm skal vere observert i Hornindalsvatnet ved fleire høve. Det er også gjort søk etter sjøormen. Sjøormen vart sist observert og tatt bilde av sommaren 2012.



Foto: Anita Seljeset

### VISSTE DU AT...?

- Den største aure tatt i Hornindalsvatnet er på heile 12,5 kg!
- I tidlegare tider var Hornidalsvatnet ei viktig ferdselåre.



Foto: Hornindal kommune




Foto: Sunnmørsposten



Foto: Bengt Flaten



Foto: Fotografen Eide

# NYT FERIEN

**Ønskjer du å nyte ferien i rolege omgjevnadar og få gode opplevelingar? Då er Hornindal staden for deg!**

Du vaknar til lyden av rennande vatn og frisk luft som fyller lungene. Ut på tur med eit utal av mulegheiter både sommar og vinter. Merka turløyper på nært sagt alle fjell, både lette og meir krevjande. Dei mange seterdalane er godt eigna til lette fotturar og fine sykkelturar, og fleire stadar finn du god tilgang på sopp og bær.

Hornindal ligg sentralt for dei som ønskjer ferieaktivitetar av ulike artar, og er eit godt utgangspunkt for dagsturar til stadar som Geiranger, Briksdalen, Vestkapp, Stryn Sommerskisenter m.m..

Hyttedraumen kan realiserast. Her er god tilgang på hyttetomter med kort avstand til både gode turmulegheiter, velpreparerte skiløyper, nytt alpinanlegg og andre aktivitetar.

Her er hotell, gjestehus, campingplasser og utleigehytter.



Foto: Sunnmørsposten



Foto: Eva Gjervan

## VISSTE DU AT...?


- Dei største tomtene i Harevadet Hyttegrend er heile 2253 m<sup>2</sup>
- Med Hornindal som utgangspunkt kan du gå minst 15 fine toppturer.



Foto: Nina Lødøen Øen



Foto: Bengt Flaten



HONNDALSHYTTA



## Tradisjon

Tradisjon er hytter med eit tradisjonelt uttrykk. Honndalshytta har valgt å ikkje ha standardmodellar, men vil gjere skreddarsaum til vår standard. Alle har eit bilde av korleis draumehytta skal sjå ut. La oss få teikne dette bildet, og hjelpe draumen til å bli verkelegheit.



## Signatur

Signatur er hytta for den som vil ha ei moderne, funksjonell hytte som skil seg ut frå dei andre. Signatur har opne løysingar og store vindauge, for å få inn mykje lys. Der er mange smarte løysingar, og den kan byggast med nivåforskjell for å tilpassast eit skrått terren.

Pb. 1, 6763 Hornindal | Tlf. 57 87 96 22 | [post@honndalshytta.no](mailto:post@honndalshytta.no) | [www.honndalshytta.no](http://www.honndalshytta.no)

## HAREVADET HYTTEGREND I HORNINDAL – IDYLL HEILE ÅRET!

Harevadet Hyttegrend ligg solrikt til i eit flott område sentralt i Hornindal. Her får du eit breitt tilbod med langrennsløyper, barnevennleg skisenter og eit fint terren for varierte fjellturar både sommar og vinter. Alt rett utanfor hyttedøra. Hornindalsvatnet og elvane i dalen byr på ypparlege fiskemulegheiter og Grodås sentrum er berre 7 min køyring frå feltet. Feltet har 26 tomtar som er byggeklare og fleire tomtar i vidare utbyggingstrinn.

[www.harevadet.no](http://www.harevadet.no)

Harevadet  
Hyttegrend



## Nordea

- banken med den beste dekninga i Kvivsregionen

Tlf.: 06001 (privat)/06002 (bedrift)  
[nordea.no](http://nordea.no)

Gjør det mulig



## Sats på ei næring i vekst

Oppdrett og salg av livdyr



Produksjon og vidareforedling av alpakkafiber  
via Norsk Alpakka - [www.norskalpakka.no](http://www.norskalpakka.no)

Alpakka Norge  
v/ Connie og Olav Reidar Haugen  
6763 HORNINDAL  
E-post: [post@alpakanorge.no](mailto:post@alpakanorge.no)  
[ochaugen@online.no](mailto:ochaugen@online.no)  
[www.alpakanorge.no](http://www.alpakanorge.no)

Honndalsrokken  
hyttetur



Få tomter igjen for sal

Honndalsrokken  
familiecamping



### HONNDALSROKKEN HYTTETUN

Hyttefeltet ligg fint til i usjener natur i "smørauget" mellom Nordfjord og Sunnmøre.  
9 sjøleigartomter er utbygd m/full infrastruktur - relativt liten bearbeidingsgrad før byggstart. Få tomter igjen for sal.  
Lett tilkomst ca. 300 m fra RV 60 - vinterbrøya hytteveg.

### HONNDALSROKKEN FAMILIECAMPING

Familiecampingplassen ligg "vis a vis" hyttefeltet, men på sørsida av RV 60 ved Horndøla Bru, ca. 11 km fra Grodås og 14 km fra Hellesylt. Sjå heimesida for meir info.

HONNDALSROKKEN TURISTSENTER AS • Hornindal • mob. 9243 5996 • mob. 9186 2016 • e-post: [sy-otter@online.no](mailto:sy-otter@online.no) • [www.honndalsrokken.no](http://www.honndalsrokken.no)

Sentrumsnære tomter og lokaler for småindustri/forretning til leige,  
eventuelt for sal, på Ytrehorn Industriområde.

## Hornindal Eigedom AS

Kontaktperson: Sveinung Gausemel ■ Tlf: 976 79 787 ■ E-post: [sveinung.gausemel@hotmail.com](mailto:sveinung.gausemel@hotmail.com)



## Herlige dagar på Hotel Alexandra i Loen !

Gløym klokke og avtalebok, nyt kvalitetstid  
med familie og vener !

Vi ønskjer å gje deg eit eventyrleg avbrot frå kvardagen.

**Velkomne til oss !**

### Alexandra Bad og Spa

med eit stort utval av kropps- og velværebehandlingar.  
Stort symjebasseng inne og ute, oppvarma heile året. Vannsklie.  
Hotel Alexandra, 6789 LOEN - NORDFJORD      Tlf: 57 87 50 00

**[www.alexandra.no](http://www.alexandra.no)**

## TUSSA INSTALLASJON

AVD.HORNINDAL

Vi utfører installasjonar for private, bedrifter og landbruk.  
God erfaring med skjult installasjon i tømmerhytter.

**Bestill elektrikar!**

Telefon 70 04 62 00 - [www.tussainstallasjon.no](http://www.tussainstallasjon.no)



**TUSSA**

FJORDANE

**BIOENERGI**



fjordanebioenergi.no

- Flisproduksjon
- Varmeproduksjon
- Leigekverning
- Flishogger

[www.fjordanebioenerg.no](http://www.fjordanebioenerg.no)

### Totalleverandør av avfallstenester

Containerutleige  
Innsamling og mottak av alle typer avfall  
Utleige og sal av utstyr for avfallshåndtering  
Miljøsanering og riving av bygg



TENDEN CONTAINER  
OG GENVINNING AS

<http://tcg.otenden.no>

# haugen

[www.haugen-motor.no](http://www.haugen-motor.no)

# motor

## BILVERKSTAD I HORNINDAL



PKK (EU-kontroll) • Service • Reparasjonar  
Lakkering • Karosseri og oppretting

Motorsykkel/moped:  
Reparasjonar og service

**VI ER VERKSTAD FOR ALLE MERKE  
RING FOR TIMEBESTILLING**




**90 10 03 09**



**57 87 95 00**

HAUGEN MOTOR AS - Grodås, 6763 Hornindal

**M E C A**  
CAR SERVICE



# Hjelmeland BEGRAVELSESBYRÅ

Hjelmeland Begravelsesbyrå vart etablert i 1978.  
Vi hjelper deg med alle dei vanskelege  
gjeremål som dukker opp i forbindelse med gravferda.

**Tlf. 905 50 905 (24 timer) - [www.hjelmeland.as](http://www.hjelmeland.as)**



Undervannsentreprenør i Stryn med over 25 års erfaring frå arbeid på bru, kai, fjellsprenging, mudring, inspeksjon, kabel, rør, kraftverk og rådgjeving.

Vi har utstyr og arbeidsoppligg til å takle dei fleste utfordringar både langs kysten og i innlandet.

Av utstyr for utleie og bruk har vi blant anna:  
ROVer • Olex Bunnkartlegging • Trykkammer • Kabelleggingsutstyr  
Stålpontongflåte med 60 t/m kran • Aluflåtar • Kranbilar  
*Vi tek gjerne ein prat om løysingar på utfordringar under vatn*



**O. E. HAGEN AS  
DYKKERFIRMA**

Grandevegen 21, 6783 Stryn - Tlf. 91 77 66 63 - [www.oehagen.no](http://www.oehagen.no)



STRYN TRELAST AS

Besøksadresse:

Grandevegen 4, 6783 STRYN

Telefon: 57 87 16 80 / Faks.: 57 87 20 80

E-post: [stryn@btkjeden.no](mailto:stryn@btkjeden.no)

Vi forhandler:

- Hus, hytter og garasjer
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- Vinduer og dører

**Våre åpningstider: Hverdager: 08:00-16:30 • Lørdager: 10:00-14:00**

**STRYVO er ein anerkjent teknologisk produsent av mekaniske produkter.**

Våre typiske kundar finn du innan olje/gass, maritim sektor og landbasert industri.

**Treng du ein ISO-sertifisert totalleverandør** av ingenør- og designenester, maskinerte og sveiste produkt så kontakt oss gjerne med dine utfordringar.

**Eller vil du heller være med på laget vårt?**


Vi leiter heile tida etter kreative og dyktige medarbeidarar med «det vesle ekstra» til vår avanserte maskinpark og til vår unge og ambisiøse ingenør- og administrasjonsstab.



Besök gjerne heimesida vår  
på [www.stryvo.no](http://www.stryvo.no) eller ta kontakt på [post@stryvo.no](mailto:post@stryvo.no)/tlf 57872800



**ISO godkjent og kvalitetssikret**



YRI SAND AS, 6789 LOEN  
Tlf. 57 87 60 40 - Faks: 57 87 60 41  
[terje@yrisand.no](mailto:terje@yrisand.no) • [www.yrisand.no](http://www.yrisand.no)

**Stordyr- og enkel smådyrpraksis  
(røntgen, ID-merking, små operasjoner etc.)**



Telefon: 57 87 96 00 - Mobil: 909 38 748  
E-post: dyrekont@online.no

## ADVOKATANE MAURSET - KNARDAL - HEGGEN

Per Maurset - Thore Heggen, Tonningsg. 42, 6783 Stryn, tlf. 57 87 1866  
Jørund Knardal, Pb. 75, 6101 Volda, tlf. 70 07 70 07

## Treng du hjelp for utarbeiding av planar?

- Arealplanar, områdeplanar, reguleringsplanar og bebyggelsesplanar
- Arkitekturprosjektering nye bygg
- Rehabilitering og restaureringsprosjekt
- Fritidsbebyggelse og hytter
- Byggesakshandtering mot offentlige myndigheter



**aaland arkitektkontor a.s.**

Tonningsg. 42, Sentrumsgården, 6783 Stryn - Tlf. 57 87 46 50 - Faks 57 87 46 55  
E-post: post@aalark.no

**Afrodite**  
Dame- og herrefrisør

Tlf. 57 87 96 68

**SAX**  
Frøysalsalong

Tlf. 57 87 80 88



BEST WESTERN Raftevold's Hotel - hotellet med det store hjartet.  
Vi kan freste med heimelaga mat, koselege gjesterom med balkong, selskaps-  
og møterom samt kafé.  
Hjå oss er du "gjest" og ikkje ein del av mengda.  
- velkommen til BEST WESTERN Raftevolds Hotel.  
Gjestfriheit sidan 1867

**BEST WESTERN**  
**RAFTEVOLD'S HOTEL**

6763 Hornindal - Tlf. 57 87 96 05 - post@raftevold.no - www.raftevolds.no



**Stressless**  
THE INNOVATORS OF COMFORT™

J.E. Ekornes AS avd. Grodås  
Ytrehorn, 6763 Hornindal  
Tlf. 70 25 52 00 - www.ekornes.no

**EKORNES**

**ORICA**

**SYSTEMBLOKK**

**Produsent av Systemblokk og betongvarer  
Lager av eksplosiver og tennere**



**FANNEMEL**  
CEMENTVAREFABRIKK

Fannemel, 6763 Hornindal  
Tlf. +47 917 20 448 • E-post: g-fanne@online.no

## Riktig forsikret?

Vår styrke er brei kompetanse og personleg  
rådgjeving for både private og verksemd.

Representant for:

www.fjordane-assuranse.no  
E-post: arve.nesje@tryg.no

**Tryg** | C



WWW.HS-BYGG.NO



GOD  
BAGASJE  
PÅ LIVETS  
REISE

for våre barn  
i Tunåsen er  
trygghet,  
omsorg,  
anerkjennelse  
og empati.

EN AV SOGN OG FJORDANES STØRSTE RØRLEGG



• VARME • VANN OG SANITÆRANLEGG • HUS • HYTTER OG HOTELL  
• GRUNNARBEID • BETONG • EGEN HUSQVARNA SKOG OG HAGE AVDELING  
• KELLFRI LANDBRUKSUTSTYR

HOVEDKONTOR I STRYN - UNDERAVDELING PÅ NORDFJORDEID - TOTALT 16 ANSATTE

**Comfort STRYN** [www.kravik.no](http://www.kravik.no)

Postboks 170, 6781 Stryn · Tlf 57 87 14 88 · Fax 57 87 19 63 · [kristian@kravik.no](mailto:kristian@kravik.no)

**MiljøService**

[septik24.no](http://septik24.no)



Septiktømming - Spyling - Sandfangtømming  
Miljøservice as - Grandevegen 13, 6783 Stryn - Tlf. 57 87 46 66 - Faks 57 87 76 60  
E-post: [milljoserivce@septik24.no](mailto:milljoserivce@septik24.no)

Vi utfører arbeid for firmaer og privatpersoner,  
samt offentlige etater i Sogn og Fjordane  
og Møre og Romsdal



Kuler

Visnesveien 5, 6783 Stryn  
Tlf. 97 55 56 00/97 55 56 01 - Faks 57 87 17 60  
E-post: [post@llas.no](mailto:post@llas.no) - [www.larslindvik.no](http://www.larslindvik.no)

Gravemaskiner til de fleste oppdrag  
Store og små maskiner til utleie/med hydraulisk hammer



[knut.ovreberg@enivest.net](mailto:knut.ovreberg@enivest.net) • Tlf. 992 69 692

NORDFJORD

IDRETTSMEDISINSKE SENTER



[www.nims-senteret.no](http://www.nims-senteret.no) • tlf 906 97 552

**Norsk  
Bygdesagforening**



*Vi produserer trelast etter ditt ønske,  
av handplukka råstoff*

[www.sag.no](http://www.sag.no)

Tlf. 918 86 113 • E-post: [norbygd@online.no](mailto:norbygd@online.no)



Prosjektering, installering og vedlikehold  
av kulde- og varmepumpeanlegg

[www.kuldeteknikk.com](http://www.kuldeteknikk.com)

E-post: [post@kuldeteknikk.com](mailto:post@kuldeteknikk.com) - Tlf. 57 87 84 00

**STRYN PUKK AS**

416 33 456



Vi leverer: Pukk, singel, grus, sprengstein,  
murstein, solda jord, strøsand, settesand

[www.strynpukk.no](http://www.strynpukk.no)




Foto: Fotografen Eide

# MIDT I SMØRAUGET



## VISSTE DU AT...?

- Det er 30 minutt til nærmeste flyplass (Ørsta)
- Vi har to sjukehus (Nordfjordeid og Volda) innan 40 minutt kjøring
- Køyretur til Stryn sentrum 20 minutt
- Du kjem deg til Ålesund på 2 timer
- Stranda ligg 50 minutt unna.
- Hellesylt 30 minutt. Her går ferja vidare til Geiranger sommarstid



### Hornindal kommune

6763 Hornindal  
Tlf. 57 87 98 00  
E-post: post@hornindal.kommune.no  
[www.hornindal.kommune.no](http://www.hornindal.kommune.no)

## VELKOMEN TIL HORNINDAL!



Foto: Fotografen Eide